



Saksbehandlar: Egil Henning Ytrøy, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/9544-2

Mineralstrategi for kommunane Askvoll og Naustdal

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Mineralstrategien for Askvoll og Naustdal vert teken til vitande.
2. Mineralstrategien sine målsetningar innan mineralretta næringsutvikling vert å vurdere i samband med rullering av regional plan for verdiskaping. Fylkeskommunen tek ikkje initiativ til å lage ein eigen mineralstrategi for Sogn og Fjordane.
3. Målsetningane innan samferdsle og infrastruktur vert å vurdere i samband med revisjon av Regional transportplan.
4. Fylkeskommunen vurderer å engasjere seg i samband med møteplassar og nettverk innan mineralretta næringsutvikling, men tek ikkje initiativ til å lage eit mineralråd for Sogn og Fjordane.

Vedlegg:

1. ESA 17/9544-1 Oversendingsbrev, Naustdal kommune
2. ESA 17/9544-1 Mineralstrategi for kommunane Askvoll og Naustdal

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kommunane Askvoll og Naustdal har utarbeidd eit felles framlegg til ein mineralstrategi som er lagt ut til høyring, med ny høyringsfrist 15 mars 2018.

Det overordna målet med strategien er å bidra til auka lokal og regional verksemd, høg verdiskaping og ei berekraftig utvikling knytt til mineralutvinning, i fyrste grad i Engebøprosjektet.

Strategien skal også sikre at private og offentlege aktørar i fylket jobbar målretta og koordinert i arbeidet mot regionale og sentrale styresmakter.

Strategien tek til orde for at det vert etablert eit felles mineralråd i Sogn og Fjordane med eit tilhøyrande mandat.

I Sunnfjordregionen finst det fleire mineralførekomstar som t.d. eklogitt, rutil, granat, granitt, kopar, prydstein og sjeldne jordartar. Nokre av desse ressursane er knytt opp mot eksisterande eller framtidige utviklingsprosjekt som til dømes:

- Koparutvinning i Grimelida i Askvoll
- Granitt og rutil i Engebø ved Nordic Mining
- Prydstein på Værlandet
- Prydstein ved Førde Granitt
- Bestone ved Bremanger Quarry.

Strategien er inndelt i delstrategiar for seks ulike område, med tilhøyrande målsetjingar og delmål:

1. Strategi for framtidsretta mineralforvaltning
2. Strategi for mineralretta næringsutvikling
3. Strategi for mineralretta utdanning
4. Strategi for samla infrastruktursatsing
5. Strategi for miljø og bærekraft
6. Strategi for vidareforedling og handtering av restmasse

Sentrale problemstillingar

Dei to kommunane peikar på behov for etablering av eit mineralråd i Sogn og Fjordane. Rådet skal ha som oppgåve å sikre eit målretta og koordinert arbeid mot regionale og sentral styresmakter, og derav ei positiv mineralretta næringsutvikling.

Kommunane har i samtalar rundt strategien peika på behov for utarbeiding av ein fylkeskommunal mineralstrategi.

Nasjonale føringer

Minerallova (2010) og statens mineralstrategi (2013) er viktige dokument med tanke på føringer for mineralnæringa. Minerallova erstatta 5 andre lover, og representerte såleis ei forenkling, både for næringa og det offentlege.

Mineralstrategien som vart utarbeidd i 2013 kom som eit svar på den auka etterspurnaden globalt etter mineralar og metall, sett opp mot dei førekostane som ligg i Noreg og behov for ein styrkt innsats og koordinering frå det offentlege. Mineral er innsatsfaktor i nesten all vareproduksjon og stabil tilgang er ein føresetnad for økonomisk vekst. For Noreg er det viktig å sikre størst mogeleg verdiskaping ut frå felles ressursar, balansert opp mot samfunnsansvar og miljøomsyn.

I følgje Direktoratet for mineralforvaltning sysselsette næringa i 2016 om lag 4745 personar og representerte ei verdiskaping på 10,2 mrd. der eksportverdien utgjorde 4,4 mrd. I tillegg kjem verdiskapinga i leverandørindustrien.

2. Vurderingar og konsekvensar

Strategien som er sendt ut på høyring inneholder delstrategiar som vert viktige å jobbe med frametter for å skape næringsverksemdu ut frå mineralressursane som ligg i dei to kommunane og i regionen. Delmåla som er lista opp under kvar målsetjing har karakter av å vere konkrete tiltak innan kvar strategi.

Erfaringane frå Engebø-prosjektet tilseier at det er mange omsyn som skal vegast opp mot kvarandre i desse prosjekta og i slikt arbeid vert det viktig med ein struktur for den kommunale innsatsen, slik som denne strategien legg opp til.

På nokre område peikar strategien på mål og delmål/tiltak som ligg utover dei to kommunane og regionen. Døme på dette er infrastruktur, skatt, etablering av felles mineralråd i fylket, bygging av god forvaltningskompetanse og rekruttering/utdanning.

Næringsutvikling i mineralnæringa

Sogn og Fjordane fylkeskommune arbeider for tida med rullering av verdiskapingsplanen for perioden 2018 til 2022. Det er naturleg at dei næringsmessige utfordringane som det vert peika på i mineralstrategien vert sett i samanheng med den retninga som verdiskapingsplanen peikar på i arbeidet med næringsutvikling.

I rulleringa av verdiskapingsplanen vert det lagt større vekt på etablering av konkrete møteplassar og innovasjonsnettverk innan område der fylket har gode føresetnadar for ny næringsverksemdu. Det blir prioritert næringsuavhengige satsingar. Mineralnæringa vil vere eit naturleg

innsatsfelt der ein kan sjå føre seg å arbeide konkret med til dømes lokale klynger og bedriftsretta innovasjonsnettverk.

I så måte vil ein styrkt innsats med konkrete næringsretta tiltak innan mineralnæringa og leverandørindustrien truleg gje meir effekt enn ein strategi i seg sjølv. Dette er truleg ein betre innfallsinkel om siktemålet med ein strategi først og fremst er etablering av næringsretta verksemd og verdiskaping ut frå dei kartlagde mineralressursane i fylket.

Plankonsekvensar

Strategien er ikkje ein plan etter plan- og bygningslova og har såleis ikkje lovpålagde handsamingskrav, slik ein plan etter plan- og bygningslova vil ha.

Om det er eit mål med strategien at den skal fungere som eit verktøy for kommunane i vidare planlegging av areal for mineralutvinning gjennom kommuneplanane, bør strategien ha med som delmål at dei gjennom planarbeid skal søkje å legge til rette for at kjende førekommstar som har potensiale for utvikling vert avklara gjennom plan- etter plan og bygningslova.

Samferdsle

Mineralstrategien peikar på følgjande utfordringar for ei samla infrastruktursatsing:

- Auka press på fylkesvegnettet
- Lite tilfredstillande nivå på kvaliteten på offentleg infrastruktur som veg og hamn
- Mangelfullt fylkeskommunalt båtrutetilbod

Gruvedrift på Engebø vil gje eit auka press på fylkesvegnettet til/frå Engebø. Fylkeskommunen har inngått avtale med Naustdal kommune og Nordic Mining om utbetring av fv. 611. Det er sett av midlar i økonomiplanen til dette utbetringsarbeidet i 2010/21. Utbetring av fv. 611 vil bli utført i samsvar med inngått avtale.

Forfallet på fylkesvegnettet er på om lag 4 mrd. kr i 2018. Det største forfallet er på fylkesvegtunnelane, som fylkeskommunen prioriterer. Fylkeskommunen skal bruke om lag 1,5 mrd. kr på utbetring av tunnelar som er omfatta tunnellsikkerheitsforskrifta fram til 2024. Dette vil gå på kostnad av ordinær drift og vedlikehald av fylkesvegnettet.

I desember 2017 vedtok fylkestinget framtidig trase for Kystvegen. Realisering av Kystvegen er kostnadsrekna til 25-30 mrd. kr.

I 2010 vedtok fylkestinget ein minstestandard for båtrutetilbodet i fylket. Denne standarden er lagt til grunn for båtrutetilbodet. Kommunane kan kjøpe fleire ruter enn det ligg i vedteken standard for båtrutetilbodet.

3. Konklusjon

Ut frå dei pågåande prosessane som følger med regionreforma og tilhøyrande kapasitetsomsyn, vert det vurdert å vere lite ynskjeleg å ta til på eit arbeid med å utarbeide ein fylkesstrategi for mineralnæringa.

Opprettig av eit eige mineralråd i Sogn og Fjordane bør også sjåast i samanheng med regionreforma og samanslåinga med Hordaland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen vil difor tilrå at ein ikkje set i gang arbeid med utarbeiding av ein fylkesstrategi for mineralnæringa eller eit mineralråd i Sogn og Fjordane. Fylkesrådmannen rår heller til at vi ser næringa i samband med rullering av Regional plan for verdiskaping, og legg til rette for å hjelpe fram gode næringsutviklingsprosjekt.